



Randi Eik
J L Mowinckels vei 130
5145 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1642 - 18/12436

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
07.06.2018

GBNR 49/31 - Krav om tømning og utbetring av privat avlaupsanlegg

Meland kommune fekk melding om fare for forureining frå avlaupsanlegget på eigedomen dykkar, gbnr 49/31. På bakgrunn av meldinga gjorde kommunen avtale med dykk om synfaring på eigedommen 11.05.2018. Synfaringa vart utsatt til 28.05.2018 for at dykk skulle ha mogelegheit til å vere til stade.

Under synfaringa kom det fram at anlegget ikkje er omfatta av slamtømmeordninga i kommunen. Dykk kunne heller ikkje gjere greie for når slamavskiljaren sist vart tømt. Lokket på slamavskiljaren var i tillegg attgrodd noko som tyder på at det er lenge sidan tanken har vore tømt. I medhald av forskrift for slamtømming § 3 skal slamavskiljar som er tilknytt fritidsbustad tømmeast kvart 4. år.

På bakgrunn av manglande tømning har Meland kommune grunn til tru at det kan vere stor fare for forureining frå avlaupsanlegget på dykkar eigedom. Dersom ein septiktank ikkje blir tømt regelmessig kan slam og avfallsstoffer flyte rett gjennom septiktanken og forureine nærmiljøet. Ettersom gbnr 49/31 har innlagt kommunalt vatn er det også fare for at lekkasje i avlaupsleidningen kan føre til forureining av drikkevatnet dersom vassleidningen ikkje er heilt tett.

Det følger av forureningslova § 7 at ved fare for forureining i strid med lova, forskrift eller vilkår i utleppsløyve, plikter den ansvarlege å sørge for tiltak for å hindre at forureininga finn stad. Dersom forureiningen finn stad, har den ansvarlege plikt til å gjere tiltak for å stanse forureininga.

Meland kommune ber om at dykk snarast og **innan 28.06.2018** sørger for at septiktanken blir tømt. I Meland kommune er det Johny Birkeland Transport AS som utfører tømning av septiktankar. For å bestille tømning kan du ringje 57781170. Me gjer merksam på at dykk sjølv må dekke kostnaden ved tømninga. Eigedomen vil frå og med no bli registrert i slamtømmeordninga til kommunen, jf. forureningslova § 26.

Når tanken er tømt må dykk melde skrifteleg frå til kommunen. I tillegg må vi få dokumentasjon på at tanken er i forskriftmessig stand. Dersom det viser seg at anlegget treng utbetring oppmodar vi dykk om snarast å starte arbeidet med å få anlegget i forskriftsmessig stand. Kommunen gjer merksam på at endring eller reoperasjon av avlaupsanlegg kan vere søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1 bokstav

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

f. I tillegg ber vi om dokumentasjon på at utsleppet frå dykkar eigedom er i medhald av vedlagte brev datert 30.06.88 og 03.01.94.

Dette brevet er ikkje er eit vedtak, men eit innleiande skriv i saka.

Dersom du har spørsmål, kan du ringje 56171000 eller sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Brev datert 30.06.88 og 03.01.94

Mottakere:

Randi Eik

J L Mowinckels vei 5145
130

FYLLINGSDALEN